



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deira ref:
202400025-29

Vår ref:
2024/6986-5
Ane Dorthea Lundberg Nordlie

Dato:
14.03.2025

Høyringsvar: Høyring - Tiltak i Otta elv ved Otta jernbanebru, Sel kommune

Bakgrunn

Visar til brev motteke 22. februar. I januar 2025 oppstod det ein oppdemming av is under Otta jernbanebru som resultat av bunnisdanning. Vasstraumen blei tvunge sørover mot det søre landkaret, noko som førte til stor erosjon framfor, delvis under og nedanfor landkaret. Landkaret er delvis fundamentert på lausmasser. Vatnet vaska ut massane, og det blei bekrefta bevegelse på landkaret. Det blei gjennomført strakstiltak for å forhindre at landkaret skulle kollapsa ned i elva. Strakstiltaka inneber blant anna at det er fylt inn massar rundt landkaret for å unngå ytterlegare erosjon, og blei gjennomført etter avtale med NVE.

Vidare arbeid med permanente sikringstiltak vil bestå av to fasar: *første fase* inkluderer etablering av sørleg anleggsveg som ei forlenging av fyllinga ut frå land. Dette gjer det mogleg å senke erosjonssikringa i det midtre elvelaupet, noko som gir meir plass til vasstraumen. For å redusere isgang skal det etablerast ei djupål. Landkaret vil så bli erosjonssikra nedanfor jernbanebrua. Sikringa inneber blant anna spuntveggar, der pelane skal plasserast ca. 6-7 meter under eksisterande elvebotn. *Andre fase* inkluderer etablering av ein anleggsveg frå nordsida av brua og senking av erosjonssikringa i det nordre elvelaupet. Dei midlertidige anleggsvegane er allereie søkt om, og gjeldande søknad omhandlar difor berre det permanente tiltaket med å senke den allereie utlagde sikringen og etablering av ei djupål. Arbeidet vil gjennomførast i perioden februar – mai.

Fylkeskommunen sin tilbakemelding

Tiltaka det blir søkt om løyve til å gjennomføre vil påverke Otta elv (vassførekomst 002-1986-R «Otta frå Lågen og opp til Tolykkja»), like oppstraums der ho renn ut i Gudbrandsdalslågen (vassførekomst 002-492-R «Lågen, frå Selsverket til samløp Otta»). Begge vassførekomstar er registrert med god økologisk tilstand i Vann-nett, og oppnår med dette miljømåla fastsett i den regionale vassforvaltningsplanen. Påverknader på Otta er dammar, barrierar og sluser for flaumsikring, diffus avrenning frå fulldyrka mark og spreidd busetnad, hydrologiske endringar grunne vassføringsendring – vasskraft, og punktutslepp frå søppelfyllingar. Påverknader på Lågen er dammar, barrierar og sluser for flaumsikring, diffus avrenning frå fulldyrka mark og spreidd busetnad. Begge vassdrag er fiskeførande med fleire arter. Det er mellom anna registrert funksjonsområder for aure og harr i samlaupet med Lågen.

Postadresse:
Postboks 4404
Bedriftssenteret
2325 Hamar

Besøksadresse:
Innlandet fylkeskommune
Parkgata 64
Hamar

Telefon: +47 62 00 08 80
E-post: post@innlandetfylke.no
Internett: www.innlandetfylke.no
Org.nr.: 920717152

Slik det blir illustrert i søknaden, er tilslamming og forureining to av dei største utfordringane og risikoane knytt til gjennomføringa av tiltaka. Vi støttar vurderinga om at spreining av finstoff må unngåast så mykje som mogleg, og at det er viktig med gode rutinar for handtering av forureinande materiale. Lagring av potensielt forureinande materiale bør vere i god avstand til vassdraget. Det bør også bli etablert gode beredskapsrutinar før oppstart, slik at ein så effektivt som mogleg kan handtere ein eventuell forureinande hending.

Det omtales i søknaden at det ikkje er registrert funksjonsområder for fisk rett nedstraums tiltaksområdet, og at ein difor unngår ein stor direkte påverknad på fisk og fiskerekuttering i perioden tiltaka skal gjennomførast. I tillegg blir det beskrive avbøtande tiltak for å minska tilslamming og forureining til vassdraget, inkludert oppfølging etter slutførte tiltak.

Fylkeskommunen meiner det er heilt nødvendig med etterundersøkingar av fiskens vandringsmoglegheiter, særleg under brua, i tillegg til funksjonsområda nedstraums. Vi meiner tiltakshavar også må bli pålagt å gjennomføre opprettande tiltak om det blir oppdaga negativ påverknad på viktige funksjonsområde. Dette for å sikre ein god nok miljøtilstand i tiltakas permanente fase. Ettersom tiltaka kan påverke hydrologien i vassdraget, kan også funksjonsområda for fisk bli endra som eit resultat av meir eller mindre vasstraum og vassføring. Fylkeskommunen meiner det er viktig at dei kompensierende tiltaka som skal vurderast i etterkant av tiltaket blir basert på nye forhold som har oppstått av arbeida.

Tiltaka som er planlagde gjennomførte er omfattande, og resulterer i betydeleg påverknad på vassmiljøet og naturmangfaldet omkring og nedstraums tiltaksområdet. Sjølv om fylkeskommunen ser samfunnsnytta og viktigheita av å reparere brua, må vi påpeika tiltakas omfang opp mot bruas gjenverande levetid. Det er uheldig at tiltak med både midlertidig og permanent negativ påverknad på vassdraget, skal gjennomførast for ei bru som ikkje har mange leveår igjen. For å kunne sikre både terrestriske og akvatiske naturverdiar i framtida, må vi etter kvart gå for løysningar som vil stå seg over tid, og som er meir berekraftige.

Med vennleg helsing

Arne Magnus Hekne
Seksjonssjef - Klima, miljø og naturmangfald

Ane Dorthea Lundberg Nordlie
Rådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
SEL KOMMUNE
Vassområde Mjøsa v/ Odd Henning Stuen